



Den vakre Snøgåso er stor og tydeleg i år.

**Mange er det som har snakka om sommaren som ikkje kom i år. Det er nok ikkje tvil om at denne sommarem mellom anna har vore kjøligare enn vanleg. Det viser og storleiken på nokre av fonnene i fjella rundt oss.**

Snøgåso i Ulvanoso er eit kjært merke. Denne sommaren har smeltinga tært langt mindre enn normalt på den. Uskedalingar heilt oppi 90-åra seier at dei aldri har sett Snøgåso så stor så langt uti august. Dette vert og understreka av Trygve A. Haugland(84). Han seier etter far sin Andreas Haugland(f.1898) at Gåso skulle vera vekke innan ingangen til august ein normalsommar.

På Haugland hadde dei og eit anna merke. Det er ei fonn i nederst i Limomnen, som er i Englafjellsida ved inngangen til Børsdalen. Denne fonna ser dei rett bort på frå Hauglandskrysset. - Hvis ikkje den var borte innan 25.august, hadde det vore ein kjøleg sommar, heitte det etter gammalt, fortel Trygve. I år er fonna framleis ganske så stor, og den vil truleg ikkje vera vekke når vi startar på ein ny vinter.

Desse tydelege teikna viser at alle dei som kunne ønskt seg ein meir sommarleg sommar, har gode grunnar for ønsket sitt.

Av: Thor Inge Døssland.



Hvis fonna nederst i Limommen ikkje er vekke innan 25.august, har det vore ein kjølig sommar.